



Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Volda, 01.06.2021

Volda kommune,
postmottak@volda.kommune.no

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Saksnr. 21/2317. Akvakultur av matfisk på ny lokalitet ved Alida.

Naturvernforbundet vil rå Statsforvaltaren som akvakulturmynde å avslå søknadar om oppdrett av torsk i opne merder. Dette er gårsdagens måte å produsere på. Nye oppdrettskonsesjonar må vere i lukka anlegg, helst landbaserte. Først då kan ein ha kontroll på rømming, spreiding av sjukdom til villfisk, lus, svinn av fôr og medisin, avføring, tungmetall frå impregnering og anna negativ påverknad av det maritime miljøet.

Vi er kjent med at Sunnmøre Torsk vil søkje om fleire konsesjonar for oppdrett av torsk, og vi har uttalt oss om desse prosjekta i samband med dispensasjonar frå gjeldande arealplaner. Vi skreiv då dette om det tvilsame med oppdrett i opne merder, og særskildt om oppdrett av torsk:

“Vårt fokus i saka er i første rekke retta mot konsekvensane av ei så massiv auke av oppdrettsfisk i fjorden. Det vert søkt om opptil 10 x 3 bur med ei samla biomasse på om lag 9.000 tonn. For lekfolk som oss

er det vanskeleg å sjå for seg kor mange tusen fisk dette vert, men vi forstår at den skal ha fôr, og at den må skite. Det vert om lag 20% meir kapp og slo frå torsk enn frå laks og aure. Før ny matfiskproduksjon vert starta opp må kommunen stille krav om at der er ein god plan på plass for utnytting av avfallet til biogass, kompost / gjødsel eller fôr. VØR og SSR må få til eit samarbeid med alle oppdretts- og settefiskanlegg om dette.

No gjeld den aktuelle søknaden arealet, og ikkje produksjonen og volumet. Oppdrettsløyvet vert gjeve av anna mynde. Men vi meiner at dette heng saman, og at kommunen sender eit feil signal til STAS om arealet vert auka for at det skal romme fleire merdar og større biomasse med torsk. Dette i ei tid då fleire og fleire oppdrettarar etablerer seg på land. Nye anlegg er etablert i Fredrikstad, Nesna og på Andøya. Desse har også gode system for handtering av slo, avføring og fôrrestar. Det kan ein berre få til i lukka anlegg.

I 2008 gjekk vi imot flytting og utviding av eit torskeoppdrett på Høydalsneset. Dei åra var det fleire som satsa på torskeoppdrett. Det var stor skepsis frå fiskarar og bygdelaga i Austefjorden, men oppdrettsnæringa meinte at alt var under kontroll. Det året rømde 304.000 torsk i Norge. Men «nu går alt så meget bedre». Skal vi tro det, eller sjå kva konsekvensar det kan få om vi ikkje er «føre- var»?

Det er no 5. generasjons oppdrettstorsk som vert klekt. Denne skal vere mindre rømingshissig enn den som vart sett ut i 2008. Han veks også fortare. 40% fortare enn vill torsk. Altså ein fisk som er ulik villtorsken, men som truleg kan yngle med denne. Til forskjell frå laksen gyt torsken i dei frie vassmassane, altså i merdene. Vi får fort ein genetisk ny variant. Er det slik fisk vi vil ha i Voldsfjorden? Er dette eit godt tiltak for å ta vare på den trua bestanden av kysttorsk? Lengre sør i Norge, langs kystlina frå er denne bestanden så godt som vekk. Resultatet er fiskeforbod langs kystlina frå Telemark til svenskegrensa.

Lokalt har Austefjord grendelag og lokale fiskarar tatt eit prisverdig initiativ for å verne dei indre fjordarmene i kommunen gjennom rulleringa av arealplanen. I framlegget til ny plan er det forslag om å

etablere ei omsynssone, for å verne om lokale fiskestammer som har vore i sterk nedgang siste åra.

Korleis 30 nye merdar med oppdrettstorsk vil virke inn på villfisken veit vi ikkje nok om. Difor må vi la areala avsette til akvakultur ligge ubrukte. Så lenge merdane ikkje er lukka, eller på land, vil vi få rømming. Det går ikkje lang tid mellom kvar rømming frå lakseanlegg. I eit anlegg i Gulen vart det i år registrert at pigghå hadde gnagd hol i nota. «- Eg har vanskeleg for å sjå kva barriere som skal kunna halda villtorsk og oppdrettstorsk frå kvarandre, seier seniorforskar Knut E. Jørstad ved Havforskningsinstituttet. Jørstad peikar på at fleire bestandar av kysttorsk ligg på eit lågmål. Desse bestandane er spesielt kjenslevare for påverknad frå rømt oppdrettstorsk.

Torsken er vert for fleire parasittar, mellom anna skottelusa. Vi veit lite om korleis den vil yngle i merdane og spreie seg til villfisken. Den alvorlege fiskesjukdomen francicella tok knekken på masse oppdrettstorsk for 10- 15 år sidan. I publikasjon «Framtidsrettet matproduksjon i kyst og fjord 2018», skriv Havforskningsinstituttet: «For å få til bærekraftig oppdrett av torskefisk må det blant annet utvikles vaksine og behandlingsmetoder for sykdommen francicella».

Veterinærinstituttet skriv i sin Rap. 12.2018,29- «Smitte mellom oppdrettsfisk og villfisk»: «Det eksisterer ikke vaksiner mot francisellose, så oppdrettstorsk og villfanget torsk vil i utgangspunktet være like mottakelige. Vi regner det derfor som sannsynlig at francisellose vil ha en negativ effekt på infiserte populasjoner av vill torsk, og at den negative effekten vil være størst i sørlige områder av landet».

Alida (Sak 20/5829) ligg i nærleiken av den gamle avfallsplassen til Volda kommune. Matproduksjonen skal gå føre seg over tjukke lag av allskens avfall. Lengre ute i fjorden er der ein dumpingplass for

skipsvrak. Kva lek ut frå desse deponia? I deler av Hardangerfjorden og Sognefjorden ligg nivåa på kvikksølv, bly og andre tungmetall i brosme over grenseverdiane for menneskemat. Årsaka er gamle synder dumpa på store djup. Har Mattilsynet målt nivået til fisken i Alida?”

Søkjaren har vurdert belastningane på naturmangfaldet i si KU-vurdering (punkt 3.2.), og viser til registreringar i Naturbase. Mellom anna til at edellauvskogen opp mot Helgehornet ikkje vert berørt av tiltaket. Sandt nok! Men er der registreringar i Naturbase av dei talrike artane av blautdyr, krepsdyr, fisk, tang og tare i dei areala av fjordbotnen som vert påverka av utslippet frå Alida? Artar som i mils omkrins vil bli influert av det fjordstraumane tek med seg frå merdene? At det ikkje finst registreringar betyr ikkje at der er livlaust. På oppdrag frå søkjar, (- og finansiert av søkjar) har firma Åkerblå registrert det søkjar har pålegg om å få registrert. Det er noko, men det er langt frå nok. Eit anna registreringsoppdrag ville truleg gitt andre svar.

Frå Havforskningsinstituttet sin rapport **“Kunnskapsgrunnlag for mulig påvirkning fra oppdrettstorsk og levendelagret torsk på villtorsk”** (prosjekt 14272, publisert 26.05.2021) saksar vi:

“Kunnskapen om effekten av genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettstorsk og villtorsk er i stor grad manglende. Vi har imidlertid mye kunnskap om negative effekter av rømt oppdrettslaks. Risikoprofilen for torsk antas å være høyere, spesielt for svake bestander av kysttorsk, og vil avhenge av hvor stort presset fra oppdrettspopulasjonen er i forhold til størrelsen på lokale bestander, samt grad av domestisering og genetisk avstand til villtorsken. I tillegg både rømmer og gyter oppdrettstorsk i merd, og det finnes ikke barrierer mellom generasjoner hos en rein marin art som torsk.

Rømt torsk kan også spre sykdom til villfisk, eller påvirke økosystemene på andre måter (for eksempel konkurranse om beiteområder eller predasjon). Det er også en rekke parasitter, bakterielle og virale agens som kan bli utfordrende ved økt oppdrett og levendelagring av torsk. Vi anbefaler at problemstillinger

og kunnskapshull knyttet til sykdom og smittespredning hensyntas og tettes, inkludert flytting av fisk med ukjent smittestatus. I tillegg kan torskeoppdrettsanlegg føre til endringer i vandringsmønster, adferd, fysiologi og reproduksjon hos vill torsk som igjen kan påvirke overlevelse, vekst og rekruttering.

For å kunne gi mer presise risikoråd i henhold til forvaltningens behov, planlegges en helhetlig risikovurdering av miljøeffekter av torskeoppdrett i 2022.”

Naturvernforbundet krev ei langt grundigare kartlegging av artsmangfaldet i heile fjordsystemet før nye konsesjonar vert gjevne. Ein torske- konsesjon vil vere i strid med § 8 (om kunnskapsgrunnlaget), §10 (om samla belastning på økologien i fjorden) og §9 (føre- var prinsippet) i Naturmangfaldslova.

Volda kommune er i gang med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet er vedtatt (31.05.), med ambisiøse mål for *berekraft* og bevaring av naturmangfald. I kommentaren til planframlegget skriv Fiskeridirektoratet :

“Det bør generelt tas inn mål i planarbeidet om at de marine arealene skal ivaretas på samme måte som landarealene når det gjelder naturmangfold. Det vil dermed være i tråd med kommunens fokus på FNs bærekraftsmål, og da spesielt nummer 14. Liv under vann. Etter vår vurdering vil det være positivt om det sies klart i samfunnsdelen at det kan være aktuelt å sikre naturmangfoldet gjennom arealdelen med for eksempel hensynssoner med egne bestemmelser og retningslinjer. Det er viktig å vise at kommunen både har land- og sjøarealer, og er forpliktet til å ivareta naturmangfoldet i hele kommunens areal.”

I kommentaren til Naturvernforbundet sitt innspel til planprogrammet skriv Volda kommune: “I planstrategien er det sett opp **Plan for akvakultur, med planlagt oppstart 2022.** Kartlegging av det marine arealet kan vere eit aktuelt kunnskapsgrunnlag til denne planen.”

Nye konsesjonar bør vente til kunnskapsgrunnlaget er betre, og desse planprosessane er landa.

Vi har ellers merka oss Fylkeskommunen sin merknad om manglande skredfarevurdering i Alida.

Med helsing frå styret i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda.